



Lokallagsledere

Vår saksbehandler
Anders Huus/Harald Velsand
22 05 45 56

Vår dato
20.05.2011
Deres dato

Vår referanse
11/00102-3
Deres referanse

Jordbruksavtale 2011-2012

Måndag 16. mai 2011 vart det inngått jordbruksavtale mellom Staten og Norges Bondelag. Norsk Bonde- og Småbrukarlag braut forhandlingane om morgonen same dag.

Avtalen har ei ramme på 1.420 mill. kroner. Ramma er finansiert gjennom 860 mill. kroner i auka prisar, 365 mill. kroner i auka løyvingar over statsbudsjettet, 135 mill. kroner i auka utnytting av jordbruksfrådraget og 60 mill. kroner i overførte midlar frå 2010.

Etter at forventna kostnadsvekst i 2012 på totalt 735 mill. kr dekka inn, gjev ramma grunnlag for ein inntektsvekst på om lag 25.000 kroner pr årsverk i 2012, i forhold til 2011 før oppgjer. Av denne inntektsveksten utgjer om lag 6.100 kr pr årsverk kompensasjon for dårlegare inntektsutvikling enn føresett i perioden 2006-2011. For andre samfunnsgrupper er inntektsveksten i 2012 prognosert til 18.500 kroner.

I tillegg vart midlar flytta til tiltak med direkte inntektsverknad tilsvarande 2.000 kr pr. årsverk, samanlikna med tilbodet til Staten. Med eit brot i forhandlingane ville tilbodet frå Staten på 1 mrd. kroner blitt ståande. Med ein forhandlingsgevinst på 420 mill. kroner meiner vi at det var riktig å inngå avtale.

Norges Bondelag prioriterte korn og grovfôrbaserte produksjonar, særleg mjølk, i oppgjeret i år. Sluttresultatet er i tråd med dette.

I avsnitta nedanfor går vi gjennom dei viktigaste punkta i avtalen. Vi syner også til www.bondelaget.no, der det mellom anna ligg rekneark med utslag av avtalen for enkeltbruk, referansebruk og heile sluttprotokollen.

Korn og kraftfôr

Målprisane på korn aukar med 15 øre/kg for matkorn, 11 øre/kg for bygg, 8 øre/kg for havre og 17 øre/kg for oljevekstar. I tillegg vil prisen auke med ytterligere 2 øre/kg frå 1. januar 2012 som ein følgje av bortfall av matproduksjonsavgifta. Med unntak av den ekstraordinære prisauken ein fekk i 2008/2009 som kompensasjon for dei galopperande

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:
Postboks 9354 Grønland
0135 OSLO

Norges Bondelag
Bondelagets Servicekontor AS

Besøksadresse:
Landbrukets Hus,
Schweigaardsgate 34 C
0191 OSLO

Org.nr.: 939678670
Org.nr.: 985063001 MVA

Telefon:
22 05 45 00

Bankkonto: 8101.05.12891
Bankkonto:: 8101.05. 91392

E-postadresse:
bondelaget@bondelaget.no

Internett:
www.bondelaget.no

Vår dato Vår referanse
20.05.2011 11/00102-3

gjødselprisane, må ein tilbake til slutten av 70-talet og byrjinga av 80-talet for å finne tilvarande prisauke. I tillegg vert arealtilskotet auka med 10 kr/daa opp til 800 daa.

Ein forventar at kraftfôrprisen aukar med 7 øre/kg etter at ein har teke omsyn til auka fôrkornprisar, auka tilskot til prisnedskrivning av korn (3 øre/kg) og auka stadfrakttilskot med 5 mill. kroner. Det vert og innført ei ordning med beredskapslagring av såkorn.

Mjølke

Mjølkeprisen aukar med 12 øre/liter frå 1. juli og 7 øre/liter frå 1. januar når matproduksjonsavgifta fell bort. Satsane i driftstilskotet til mjølkeproduksjon aukar med 18.000 kr per bruk for ku og geit. Tilskot til husdyr mjølkeku vert auka med kr 268 og 244 for 1-25 og 26-50 dyr, og andre storfe med 13 kroner. Mjølkegeit aukar med 200 kr for 1-125 dyr og 100 kr for 126-250 dyr. Toppavgrensinga vert heva med 25.000 kroner til 275.000 kroner. Utmarksbeitetilskotet aukar med 30 kroner og beitetilskotet med 15 kroner.

Kjøl og egg

Målprisen for svinekjøl aukar med kr 1,20 per kg frå 1. juli. For lam er auken 1,55 kr/kg. For alle kjøtslag, inkludert dei utan målpris, vil prisane auke med 50 øre/kg frå 1. januar når matproduksjonsavgifta fell bort.

For alle som driv grovfôrproduksjon vil arealtilskotet auke med 15 kr/daa i sone 1 og 25 kr/daa i sone 3-7.

Tilskot sau/lam

- Husdyrtilskot: + 95 kr/dyr for 1-100 sau, + 77 kr/dyr for 101-300 dyr
- Lammeslakt: + 6 kr/dyr O el betre, bortfall av tilskot til O-
- Utmarksbeitetilskot: 10 kr/dyr
- Ikkje grunntilskot til gamalnorsk sau under 13 kg. Dette vert kompensert med 30 kr/sau auke i husdyrtilskot

Tilskot storfe:

- Driftstilskot ammekyr: + 18.000 kroner, 360 kr/dyr inntil 49 dyr
- Husdyrtilskot: + 270 kr/ammeku for 1-25 kyr, + 220 kr/ammeku for 26-50 kyr, + 13 kr/dyr for andre storfe
- Beitetilskot: + 15 kr/dyr
- Utmarksbeitetilskot: + 30 kr/dyr

Målprisen for egg vert auka med kr 1,30 frå 1. juli og med 36 øre/kg frå 1 januar. Satsane for distriktstilskot egg i Trøndelag vert redusert med 23 øre pr kg.

Grønt

Målprisane for grønsaker og frukt vert auka med 2,1 % frå 1. juli og 0,8 % frå 1. januar når matproduksjonsavgifta fell bort. For potet aukar prisane tilvarande med 25 øre/kg og 3 øre/kg. Epler og pærer til press vil no få distrikts- og kvalitetstilskot med ein sats på 1,53 kr

per kg. Alle andre satsar og maksimalbeløp i denne tilskotsordninga vert auka med 5 %. Prisedskrivingstilskotet for potetstivelse og glukose vert auka med 1 krone per kg for å sikre avsetning av norske avrenspoteter.

Finansiering av Graminor vert teke inn på jordbruksavtala med ei løyving på 16,1 mill. kroner som tilskot til planteforedling og oppformering. Løyvinga til opplysningsverksemd for frukt og grønt vert auka med 2 mill. kroner. Arealtilskot frukt og bær vert auka med 150 kr/daa i sone 1-5 og 100 kr/daa i sone 6-7 og vekstgruppa frukt og bær vert delt i 2.

Velferd

Satsar for tilskot til avløyising ved ferie og fritid vert heva med 4 % og maksimalbeløpet per føretak heva med 2.600 kroner til 66.600 kroner. Ammeku vert heva særskilt 12,3 %.

Maksimal dagsats for tilskot til avløyising ved sjukdom m.v. vert heva med 50 kr/dag til 1.300 kroner. Det vert avsett 1 mill. kroner til ein kampanje for HMS i landbruket i regi av Landbrukets HMS-teneste. SLF skal greia ut eventuell samordning med NAV sitt regelverk m.o.t. bruk av tidskonto ved foreldrepermisjon, jf. Jordbrukets krav.

Næringsutvikling

Investeringstilskota auka med 28,5 mill. kroner til 443 mill. kroner og taket for maksimalt tilskot heva til 900.000 kroner.

Utviklingsprogrammet for matspesialitetar frå landbruket er redusert med 3,5 millionar til 60 millionar. Programmet *Mat langs nasjonale turistveier* vert vidareført med 2 millionar. Inn på tunet vert vidareført med 9 millionar. Innlandsfiskeprogrammet vert auka med 0,5 millionar til 4,5 millionar.

Miljø

Det er naudsynt med betre måling av resultatata på miljøområdet. Det skal difor settast ned ei partssamansett arbeidsgruppe som skal gjennomgå rapporteringsstrukturen.

Auka innsats mot vassforureining er prioritert gjennom styrking av dei regionale miljøprogramma (RMP) med 15 mill kr. Ordninga med beiteskader for gås vert avvikla som eiga ordning, og midlane overført RMP for Nord-Trøndelag og Nordland. Tilskot til SMIL-midlar vert auka med 5 mill. kroner.

Økologisk landbruk

- Det vert innført investeringstilskot for økologisk fruktdyrking – med tilskot for inntil 50 % av kostnadsoverslaget ved nyplanting.
- Tilskot til økologisk grovfôrareal vert redusert med 25 kr/daa. Dei frigjorte midlane vert brukt til å heva tilskota til økologisk dyrehold.
- Kornkampanjen vert ført vidare også i år med utbetaling i 2012.

Organisatorisk arbeid

Gjennom vinteren 2011 blei det gjort ein stor jobb i heile organisasjonen med å få fram og overtyde om at det trengst auka matproduksjon i Noreg. Ein viktig føresetnad er å betra inntektsgrunnlaget for bøndene. Arbeidet har særleg vore retta mot den nye

Vår dato
20.05.2011

Vår referanse
11/00102-3

landbruksmeldinga. Gjennom politiske møter, kontakt med politikarar og Bodstikke stafetten er det gjort en kjempejobb. Særleg gjennom Bodstikke stafetten har det vore kreativitet, engasjement og alliansbygging. Bodskaen om behov auka matproduksjon har blitt tydelig. Utan dette arbeidet hadde det neppe vore mogleg å få positive landmøtevedtak i alle tre regjeringspartia. Takk for innsatsen!

Trass i dette kom vi ikkje så langt vi hadde mål om i forhandlingane. Ut frå kva som verkeleg trengst i næringa, marsjordren frå representantskapet og forventingane skapt av regjeringspartia, var det rett å ha høge ambisjonar i forhandlingane i år. Vi har også merka at aksjonsberedskapen var skjerpa, og mange har gjort gode førebuingar. Det er heilt avgjerande i forhandlingar å vita at brot og konflikt også er eit reelt alternativ. Vi takkar alle aktive tillitsvalde for ein stort arbeid med aksjonsberedskapen. Å byggje opp denne beredskapen år etter år slit på organisasjonen, men er samtidig ein nødvendig del av ein forhandlingsstrategi.

Med vennleg helsing



Nils T. Bjørke



Per Skorge